



VALPROGRAM 2019

Vaksdal Senterparti



Senterpartiet sitt verdigrunnlag:

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil ha eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske som med tru på egne evner tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og natur og miljø. Partiet sitt menneskesyn har utspring i det kristne verdigrunnlaget og humanistiske verdiar i pakt med dette. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar.

Eit levande folkestyre og gode lokalsamfunn skal gjera folk trygge og styrka tilhøyrse og identitet.

Våre hovudsaker:

- **“Godt nok” er ikkje godt nok.**
Styrk heimetenestene i heile kommunen.
- **K5 heilt til Voss**
Gode lokale løysingar i stasjonsbygdene.
- **Det spirar og gror i Vaksdal**
Skulestruktur som i dag og tenleg barnehagetilbod.
Park- og grøntanlegg i kommunen skal rustast opp.

Helse

Senterpartiet vil arbeida for:

- Auka grunnbemanning, og mindre bruk av vikarbyrå.
- Vaksdal kommune skal levera like gode helsetenester i heile kommunen.
- Utvida opningstid ved legekantoret på Dale.
- Sjukeheimsplassar både på Dale og Vaksdal.
- Ei god rus- og psykiatriteneste i kommunen.
- Sikre ambulansetenesta i kommunen.
- Sikre jordmorteneste i kommunen.



Integrering

Senterpartiet vil arbeida for:

- God integrering og tiltak som vil styrkja samhaldet mellom nye og gamle innbyggjarar i kommunen.

Klima

Senterpartiet meiner:

- Nei til vindturbinar i Vaksdal kommune.
- At Vaksdal kommune skal velja berekraftige løysingar i dagleg drift og prosjekt.
- Flaum er ein aukande trussel, og me skal arbeida målretta for gode løysingar for sårbare punkt i kommunen vår.

Kultur og fritid

Senterpartiet vil arbeida for:

- At park- og grøntanlegg i kommunen skal rustast opp.
- At matnyttige plantar, bærbusker og frukttre vert prioritert når kommunen plantar nytt.
- At Dalehallen bør seljast med vilkår om samfunnsoppdrag og bevaring av fasade.
- Kulturskuletilbod i alle skulekrinsar.
- Å legge til rette lokale til fritidsaktivitetar for ungdom.
- At Frivilligsentralen må sikrast gode vilkår.
- At kommunen har ein positiv dialog med frivillige organisasjonar og samarbeider for gode løysingar og breidde når det kjem til idretts- og kulturtilbod i alle bygdene våre.
- At «Syngjande Vaksdal» skal vera eit positivt og inkluderande tiltak for alle innbyggjarane våre.
- At bygdene sine kulturminne skal sikrast for ettertida.
- At kyrkja i Vaksdal skal vera open og inkluderande.
- At kyrkjebygga må få løyvingar som gjer at dei vert ivaretekne.

Næringsliv

Trygge arbeidsplassar er sjølve fundamentet for livskraftig utvikling og busetnad. Næringsutvikling er ein kontinuerleg prosess som kommunen med sitt tiltaksapparat, administrasjon og politiske styring må ta aktivt del i.

Senterpartiet vil:

- Arbeida for å oppgradera infrastrukturen i kommunen.
- Auka næringssselskapet sin grunnkapital.
- Leggja til rette for næringslivet i heile kommunen.
- At landbruksrelatert næring må jamstillast med anna næringsutvikling i kommunen.
- Sikre matjorda for framtida.

Oppvekst

Senterpartiet vil arbeida for:

- Skulestruktur som i dag.
- At alle skal ha eit tenleg barnehagetilbod.
- At ungdomsråd og miljøarbeidar må få ressursar til å utføra oppgåver til beste både for organiserte og uorganiserte ungdommar i kommunen.
- At arbeidet med å skapa rusfrie ungdomsmiljø vert styrka.
- At ordninga med natteramnar vert stimulert i eit samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar og foreldre.
- Oppgradering av sentralidrettsanlegget på Geitabakken.
- Å støtta barnehagane og skulane sitt systematiske arbeid for å redusera mobbing.

Busetnad

Grunnlaget for levande lokalsamfunn er at innbyggjarane har gode bustadtilhøve og at også nye innbyggjarar kan etablera seg i bygdene våre.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Auke i folketalet og at det vert lagt til rette for utvikling og busetjing i heile kommunen.
- At kommunesenteret må stimulerast til vekst.
- At det vert lagt til rette for rimelege gjennomgangsbustader for ungdom.
- At eingongsstønad til ungdom i etableringsfasen held fram og vert auka.
- At det vert råd å byggja utanom regulerte område der tilhøva ligg til rette for det, m.a. at det vert høve til å føra opp fleire hus på gardsbruka når dette sikrar vidare drift.
- At tilskot til nybygg/nyetablering i Eksingedalen og Bergsdalen vert vidareført.
- At bu- og driveplikta på gardsbruka vert praktisert.



Kommunikasjon

Senterpartiet vil arbeida for at alle typar kommunikasjonar fungerer mest mogeleg i samsvar med dei behov innbyggjarane har. Næringsliv og busetnad er avhengige av at infrastrukturen er funksjonell både når det gjeld veg, jernbane og alle digitale kommunikasjonsmidlar.



Senterpartiet vil vera pådrivar for:

- At det vert utbygd fiberbasert breidband og god mobildekning i heile kommunen.
- At kommunale vegar må få fast dekke og rasutsette område vert sikra.
- At fylkesvegane gjennom kommunen, som også er omkøyingsvegar ved uhell på E16, må få standardheving og sikring mot ras.
- At fylkesvegsambandet mellom Kallestadsundet bru og Tysse på Osterøy på nytt vert fremja som fylkestingssak.
- At planprosessen med K5 jernbane og veg mellom Arna og Voss vert vidareført på strekninga Stanghelle – Voss.
- At rassikringsarbeid på eksisterande E16 vert utført til K5 er fullført.

Valliste



1. Hege Eide Vik,
Stamnes



2. Ivar Rødland
Bergo,
Eksingedalen



3. Line Eide Vik,
Stamnes



4. Tor Arne Helle,
Stanghelle



5. Inger Helene
Nummedal, Dale

6. Kjetil Rødland,
Bergsdalen

7. Karin Nordheim,
Eidsland

8. Hallvar Helle, Dale

9. Renathe Vik, Stamnes

10. Bjørn Arvid Ekse,
Eidsland

11. Kari Brørvik,
Eksingedalen

12. Caroline Myster,
Eidsland

13. Raymond Olav Reite,
Vaksdal

14. Åsne Tesdal Rødland,
Bergsdalen

15. Ole Jakob Nese,
Eksingedalen

16. Appia Mkoba, Stamnes

17. Jarand Brørvik,
Eksingedalen

18. Anne Hilde Fosse
Osvold, Bergsdalen

19. Dag Brekke,
Bergsdalen

20. Unn Evelyn Gullbrå,
Eksingedalen

21. Magnar Nese,
Eksingedalen

22. Arnfinn Trøen,
Bergsdalen

